

Språkåret: Funksjonen til språket kan ofte komme i bakgrunnen, skriver Jens Haugan.

Språket som handling

MENINGER

Jens Haugan



Vi tenker ofte på språk som skriftspråk og på talespråket som ein dårlegare versjon av skriftspråket. Mange språkdebattar handlar om «riktig og gale» og formelle sider ved eit normert skriftspråk, mens funksjonen til språket ofte kan komme i bakgrunnen.

■ Kva meiner ein så med «funksjonen»? Det er jo ikkje slik at menneska fekk lagt eit språk i fanget, og så måtte ein prøve å finne ut kva ein skulle bruke det til. Grunnlaget for all kommunikasjon er ulike typar behov ein ønskjer å formidle til andre. Dyra kommuniserer med kvarandre på sin måte, men menneskehjernen utvikla seg på ein slik måte at ein kan tru at det nettopp er språket som er sjølve essensen i mennesket, som definerer oss som art.

■ Innanfor kommunikasjonsteorien går ein ut frå tre grunnleggjande kommunikasjonsbehov: å gje informasjon, til dømes «Det står ein mammut nede i dalen.»; å be om informasjon, til dømes «Skal vi prøve å fange mammuten?»; å oppmode om å få varer eller tenester: «Ta spyda dokkar og følg meg!» Vi seier då at desse setningane har som funksjon å



MAMMUT: Det står ein mammut nede i dalen. Eller som her på skogmuseet i Elverum. FOTO: MONIKA SØBERG

formidle eit meir eller mindre konkret behov.

■ Den merksame lesar vil kanskje oppdage at desse tre kommunikative behova gjerne blir uttrykte gjennom spesielle setningskonstruksjonar. Den første setninga er ei såkalla utsegnsetning, der ein gjerne formulerer ein type påstand. Den andre setninga er ei spørjesetning, og den tredje setninga er ei såkalla bydesetning. Vi kan altså sjå at den formelle grammatikken har funne former som er tilpassa dei konkrete kommunikative behova. Her treng ein ikkje å lure mykje på hona eller egget.

■ Men språk er sjølvsagt mykje meir enn eit direkte forhold mellom eit kommunikativt behov, ein språkleg funksjon og eit formelt,

grammatisk uttrykk. Noko som mest truleg skil oss menneske frå dyra, er at vi kan kommunisere indirekte. Vi kan skilje mellom ei konkret tyding og ein språkleg funksjon eller ei kontekstuell mening. Setninga «Det står ein mammut nede i dalen» er formelt sett ein påstand eller ein type informasjon. Men den same setninga kan faktisk fungere som eit spørsmål dersom ein endra setningsmelodi (og i skrift set eit spørsmålsteikn bak): «(Er det sant?) Det står ein mammut nede i dalen?». Og setninga kan faktisk også fungere som eit påbod: «Det står ein mammut nede i dalen!» og implisere at alle skal ta våpna og gå på jakt.

■ Det er altså ikkje nødvendigvis alltid nokon direkte samheng mellom den formelle grammatiske forma til ei setning og funksjonen setninga kan ha som ei språkhandling i ein konkret samheng. Det kan vere interessant å sjå på språket ut frå eit handlingsperspektiv og spørje som språkfilosofen J. L. Austin: Korleis handlar vi eigentleg gjennom å bruke språk?

” Grunnlaget for all kommunikasjon er ulike typar behov ein ønskjer å formidle til andre.

JENS HAUGAN

DEN NYE REGJERINGEN

Hva med b

■ Hva nå med bompenggeavgiften for innlandet? Fremskrittspartiet lovet før, under og etter valget at bompenggeavgiften skulle fjernes. Slik gikk det ikke.

■ Alle har fått med seg ordet «fjerne» ble erstattet med «reduseres» i forbindelse med regjeringsforhandlingene. Nå er bølgen etter valget i ferd med å legge seg, og folk har begynt og reflektere over hvilken betydning valget og den nye regjeringen vil få for landet og vårt distrikt – innlandet. Vi oppfatter at finansiering av nye vegprosjekter fortsatt skal skje med bompenger, men da med reduserte satser i forhold til dagens. Hvor mye vet vi ikke. Hva med de vegprosjektene som er under utførelse, for eksempel hele E6 prosjektet? Får dette prosjektet reduserte satser?

■ Vi vet at fattet vedtak står inntil nye vedtak blir gjort. Vi vet også at det ofte er slik at prosjekter som er under utførelse ikke blir endret. Utbyggingen av E6 betyr mye for transportnæringen i innlandet og gjennomgangstransporten nord – sør. Det er viktig at transporten for land og skogbruket kommer

Vi åpne

Sår - Brokk - Stomi - Ernær

Representant fra Coloplast og Sigvaris vil være tilstede

Onsdag 6. november kl. 10:00

30% Rabatt på Sigvaris kompresjonsstrømper

Spesialist på betjening av blåresepter

HAL Torgg Tlf. 67